

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

3. søndag i adventstida – 11. desember 2011

Preiketekst: Lukas 3,7-14

Lesetekst I: Jesaja 40, 1-5

Lesetekst II: Jak 5, 7-8

Vend om og tru evangeliet

Ein sann profet

Ein kan undrast over kvifor så mange kom for å høyre døyparen Johannes og bli døypte av han. For han skal ikkje klagast for å snakke folk etter munnen. Nei, «ormeyngel» vart dei kalla dei som kom for å høyre. Han såg hykleriet som mange levde i, og han brydde seg ikkje om tilhøyrarane vart støytt av budskapet hans. For Johannes var det viktigast at folket levde rett med Gud – ikkje at han sjølv var ein populær predikant.

Det er to tekstar som er for mykje gløynde av kristne forkynnarar. I den eine står det: «Ve dykk når alle talar vel om dykk.» I den andre står det skrive: «Prøver eg no å vinna velvilje frå menneske – eller frå Gud? Vil eg kanskje gjera menneske til lags? Var det framleis menneske eg ville vera til lags, då var eg ikkje Kristi tenar. » (Luk 6,26 og Gal 1,10).

Vi menneske vil gjerne høyre at alt står berre bra til, same korleis vi ordnar oss her i livet. Jesaja skreiv: «Dei seier til sjåarane: «Ikkje sjå!» og til profetane: «Ikkje kom til oss med syn om det som er rett! Sei oss glatte ord, kom til oss med illusjonar.» (Jes 30,10). Men Johannes gjekk i førevegen for vår Frelsar, og forkynte like tydeleg som Han. Vår kjærlege Frelsar, som snakka så gåvmildt om vegen til Himmelen, brukte også eit tydeleg språk om den komande vreiden. Derfor er det eit forferdeleg svik mot våre medmenneske om vi er tause om konsekvensen av å avvise den frelse Gud gjev oss i Jesus.

Tru og omvending

Johannes eksponerer det ubrukelege i ei omvending som ikkje er ført til frukt i livet. Det er det same som Jesus forkynte etter Johannes: «Då Johannes var sett i fengsel, kom Jesus til Galilea og forkynte Guds evangelium og sa: «Tida er inne, og Guds rike er kome nær. Vend om og tru på evangeliet!» (Mark 1,14-15). Så omvending og tru må etterfølgje kvarandre. Det nyttar ikkje å «gjere» berre det eine.

Å omvende seg utan å tru på Jesus, er inga hjelp. Det er nok mange som i vekkingstider har begynt å omvende seg, det vil seie å bryte med sine synder og sitt syndeliv, utan å kome til tru. Enten måtte ein gje opp og falle tilbake til det gamle livet, eller så vart han fødd til lovtrelldom, ein tilstand der ein aldri kan bli ærleg nok, omvende seg nok og ta det alvorleg

nok. Og det har nok vore nokre som har opplevd press til å ta ei avgjerd, utan at ein har kome fram til tru på Jesus Kristus.

Men å tru på Jesus utan å omvende seg, er heller inga hjelp. Eit menneske kan då kome til ei kald og teoretisk tru på frelsa, og vitne om den, utan å kjenne Den Heilage Ande si gåve. Men dei held fram med å leve som før, og forstår ikkje andre kristne som skiftar interesse, miljø og vaner. Dei forstår ikkje kristne som får ei anna innstilling til andre kristne, og som får naud for dei ufrelste. Derfor står også Peter fram på pinsedag og forkynner (Apg 2,38): «Vend om og lat dykk døypa i Jesu Kristi namn, kvar og ein av dykk, så de får tilgjeving for syndene, og de skal få Den heilage andens gåve. »

Dette er ei sanning som bør løftast fram. Mange av desse som kom til Johannes, såg ikkje behov for å bli døypte med omvendinga sin dåp, fordi som Abrahams barn såg dei på seg sjølve som reine. Men det er forgyeves å seie med våre lepper at vi omvender oss, dersom vi ikkje samstundes i vårt hjerte har ein oppriktig anger over våre synder. Ja, det er meir enn forgyeves, for eit slikt dobbeltliv vil gradvis avstumpe vårt samvit og forherde vårt hjerte.

Frukt av tru og omvending

Men kva er Johannes sine svar til dei som kjem med sitt spørsmål: «Kva skal vi gjera?». Moder Theresa fekk mange på besøk som ville sjå hennar misjonsarbeid i Calcutta sin slum, og dei hadde gjerne reist tusenvis av kilometer. Så moder Teresa spurte dei: «Har de ikkje fattige og forkomne der de kjem frå?»

Det er det same poenget døyparen Johannes understrekar her: «Kvifor kjem de til meg? Har de ingen fattige og forkomne heime?» Han fortalde dei at dei skulle dele med dei som har lite, og dei skulle gjere eit ærleg arbeid.

Eit av våre største problem er at vi trur vår respons til Gud skal vere i stor skala og helst forandre heile verda. Likevel kan medkjensle og omtanke vere mangelvare på heimebane. Eg kan be for kristne som lid for si tru i andre delar av verda, men overser einsame i nærleiken av meg. Johannes kalla ikkje menneske til å forandre verda, men han kalla dei til å endre livet sitt. Og han viste eit audmjukt sinnelag ved å peike på Guds son, han som er verd all tilbeding og ære.

Dåp med eld

Gud har store planar for sitt folk. Og når det står at Kristus skulle døype sine med Den heilage ande og eld, siktar det til det verk som Herren vil gjere i dei som trur på Han. Johannes ville bruke vatn i førebuinga for Kristus, men Kristus ville bruke eld for å reinse dei truande. Vatn vaskar, men eld reinsar. Vi bruker vatn til å vaske skitt ut av malmen, men bruker elden for å brenne ureinskap ut av den. Og dess meir dyrebart metallet er, jo varmare er visst elden.

Når eit Guds barn er vaska, må ein vere klar for reinsing. Når vi har kjent vatnet i dåpen, treng vi å vere under stadig bearbeiding av Den heilage ande, den same ande som førte Jesus Kristus ut i øydemarka for å verte freista i førti dagar. Det er ikkje noko spa, det er ingen massør, og det er inga fotpleie ved elva Jordan. Der er derimot ein skule som kan bere preg av liding, hån og forsaking. Men det er ein skule under Himmelen si velsigning, og den har den hensikt at Kristus vert herleggjort og at vi set vår lit til Guds frelse og vårt evige håp, meir enn til oss sjølve. Og ved Andens kraft skal vi få leve for Gud til den dagen Herren kjem for å hente sine.

Den synlege kyrkja består av truande og vantruande, ekte kveitekorn saman med agnene. Ein dag skal Herren skilje desse frå kvarandre, og dei rettferdige skal samlast til evig sæle, medan dei som har forkasta Guds frelse, vil gå evig fortapt. Det kviler eit alvor over Johannes si forkynning, men evangeliet er gitt oss så tydeleg at ingen kan misforstå det: «Den som trur på Sonen, har evig liv. Men den som ikkje vil tru på Sonen, skal ikkje sjå livet, men Guds vrede vert verande over han.» (Joh 3,36).

Erik Furnes

Generalsekretær i Indremisjonsforbundet

e.furnes@imf.no